



Brannøving på Flatholm i Uskedalen for 3 år sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av tre personar har ingen planar for kva dei skal gjera om det byrjar å brenna der dei bur, ifølgje ei ny undersøking. Brannrutinar og brannøvingar i heimen står sentralt under Brannvernveka som startar i dag.

Berre fire prosent har hatt brannøving og prøvd ut rømningsvegane.

Undersøkinga viser òg at blant husstandar med to eller fleire personar, har berre 15 prosent avtalt møtestad utandørs i tilfelle brann.

Å avtala ein fast møtestad utanfor bustaden er noko av det enklaste og viktigaste ein kan gjera. Ved brann er det lett å koma bort frå kvarandre i kaoset som oppstår.

– For oss i brannvernet er det eit skrekkscenario at folk spring tilbake inn i brennande hus for å leita etter familiemedlemmer som har kome seg ut andre vegar, seier Øyvind Ousdal, avdelingsleiar i Kvinnherad brannvern.

Verdien av brannøvingar er hovudtema i den landsomfattande Brannvernveka frå 16. til 22. september. Det skal avviklast ei nasjonal brannøving med over 500.000 deltakarar i bedrifter, skular, barnehagar, institusjonar, offentlege kontor og privathushald landet rundt.

Målsetjinga er å auka frekvensen og kvaliteten på brannøvingar.

– Barna har brannøvingar i barnehagen og på skulen, og mange vaksne har jamnleg øvingar på jobb.

Men det er heime vi oppheld oss mesteparten av døgeret, og det er i bustader dei fleste dødsbrannane oppstår, seier Øyvind Ousdal.

Difor bør det vera ei sjølvstakt sak at vi har brannøvingar heime òg legg avdelingsleiaren for førebyggjing til. Han oppmodar særleg alle barnefamiliar i Kvinnherad til å bli med på den nasjonale brannøvinga

Av Kristian Hus
HusnesNett